

Fasit

Legg merke til at ingen av tilfella hamnar i kategorien ulovleg, då det alltid må gjerast ei konkret vurdering av kvart enkelt tilfelle. Etter lovreglane om seksuallovbrot og barn er det i utgangspunktet ikkje eit krav at gjerningspersonen har kjent alderen på barnet. Det er vanlegvis nok at personen kan klandrast for å vere uvitande.

Teaterinstruktøren på skulen blir saman med ein elev som går på ungdomsskulen.

Dette kan vere ulovleg.

- Straffelova § 295 seier at det er ulovleg å skaffe seg seksuell omgang ved misbruk av stilling, avhengnadsforhold eller tillitsforhold. (Her er det, vel å merke, eit krav om at teaterinstruktøren misbruker stillinga sin). Det er etter denne lovregelen eit krav om at instruktøren har misbrukt stillinga si for å skaffe seg seksuell omgang.
- Det er fleire faktorar som påverkar om forholdet er straffbart eller ikkje. Vanlegvis ser ein på alderen på dei to partane, og på korleis og når forholdet oppstod. Det er også ein eigen regel i straffelova § 295 retta mot utnytting av personar under 18 år. Dersom eleven er under 16 år, kan seksuell omgang, seksuell handling og seksuelt krenkande åtfærd vere straffbar.
- Dersom eleven har sendt seksualiserte bilde av seg sjølv til teaterinstruktøren, eller teaterinstruktøren har tatt slike bilde av eleven, kan dette vere straffbart for teaterinstruktøren. Det same gjeld dersom teaterinstruktøren har sendt seksualiserte bilde av seg sjølv eller andre til eleven. Du finn ei fullstendig oversikt over reglane som gjeld for seksuallovbrot i kapittel 26 i straffelova.

Fasit

Noor på 16 og Varvara på 17 møtest på fest og drar heim for å ha sex.

Dette er i utgangspunktet lovleg.

- Fordi den seksuelle lågaldren i Noreg er 16 år, er dette i utgangspunktet lovleg – så lenge partane er samtykkekompetente, altså ikkje blir pressa/tvinga eller er ute av stand til å motsetje seg handlinga.

To gutar gir dop til ein annan gut og har sex med han.

Dette kan vere ulovleg.

- Dersom guten som får dop, er bevisstlaus eller ikkje er i stand til å motsetje seg sex, kan dette vere valdtekt eller eit seksuelt overgrep etter straffelova §§ 291–294.
- Dersom guten ikkje veit om at han har fått i seg dopen, eller ikkje har samtykt til det, kan dette også i seg sjølv vere ulovleg.
- Dersom det er ein aldersforskjell mellom gutane, kan dette vere relevant.

Ein vaksen har sex med ein 13-åring.

Dette kan vere ulovleg.

- Den seksuelle lågaldren er 16 år, og all seksuell omgang med barn under 14 år blir rekna som valdtekt etter straffelova § 299. Også mindre omfattande seksuelle handlingar eller seksuelt krenkande åtferd kan vere ulovleg etter blant anna straffelova §§ 299, 304, 305.

Fasit

Ein gut fjernar kondomet mens han har sex, utan at den andre legg merke til det.

Dette kan vere ulovleg.

- Norsk lov dekker per 2022 ikkje eksplisitt såkalla «stealththing». Norske juristar har uttalt seg ulike om korleis dei forstår regelverket. Det å ta av seg kondomet i hemmelegheit mens ein har sex, vil sannsynlegvis ikkje bli straffa som valdtekt, fordi å fjerne kondomet ikkje inneber vald eller truande åtferd. Det fell meir sannsynleg inn under paragraf 297 om seksuell handling utan samtykke. Dersom den som fjernar kondomet, har ein seksuelt overførbar sjukdom, og personen som hen har sex med, ikkje har samtykt til sex utan kondom, kan dette vere straffbart etter straffelova § 237.

Ein vaksen og ein 15-åring møtest på ei spelplattform og blir venner. Etter kvart begynner dei å utveksle nakenbilde.

Dette kan vere ulovleg.

- Det er som utgangspunkt straffbart å ta, ha eller dele nakenbilde av nokon under 18 år etter § 311 i straffelova.

Fasit

Ein 25 år gammel mann møter ei 16 år gammel jente på nettet. Etter å ha skrive saman ei stund bestemmer dei seg for å møtast. Han bookar eit hotellrom. Begge veit kor gammal den andre er, og kva den andre heiter.

Dette er i utgangspunktet lovleg, men kan klassifiserast som ikkje greitt.

- Ingen av partane er under den seksuelle lågaldere. Vi kan likevel spørje kvifor ein på 25 ikkje er saman med nokon på sin eigen alder, då ni år er ein stor aldersforskjell når ein er så ung, og det sannsynlegvis er stor forskjell på kor modne partane er.

Ein gut har sex med ei jente som søv, ho vaknar opp, men strittar ikkje imot.

Dette kan vere ulovleg.

- Det er straffbart å ha sex med ein som søv og derfor ikkje er i stand til å samtykke.

Pia på 16 er saman med Roar på 15. Dei har vore saman i nokre månader og har akkurat begynt å ha sex.

Dette kan vere ulovleg.

- Den eine parten er under den seksuelle lågaldere. Straffelova har likevel eigne reglar for når begge partar er omtrent like gamle i alder og utvikling, sjå straffelova § 308.